

Tverrelva vert påbegynt etter nyttår

04.11.2015



Prosjektet får eit fall på 500 meter

**SKL hadde som målsetting å starte Tverrelvaprojektet seinhaustes, men det vil ikkje skje før etter nyttår, opplyser Sture A. Karlsen til uskedalen.no. Llikevel er ambisjonen å få kraftstasjonen på nettet rundt årsskiftet 2016/2017, Det har i dag vore synfaring med NVE av prosjektet som skal produsere 20 GWh i året.**

Det som skal skje nærmast er behandlinga i forvaltningskomiteen av dispensasjon frå arealføremålet LNF i arealdelen til forvaltningskomiteen og det er tema i dagens synfaring. Rådmannen har gått inn for å gje dispensasjon. Arealet er nytta til landbruk i dag. Det skal nyttast eit fall på 500 meter og Mannsvatnet skal regulerast opp med ein meter. Kraftstasjonen skal plasserast på Hauglandsida av elva.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen